



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Støtteskriv til det unike regionale utviklingsprosjektet Ny Hangursbane

Når eit prosjekt handlar om å setja Voss, Hordaland og Noreg på kartet, då snakkar me om eit unikt og banebrytande prosjekt. Den nye Hangursbanen er nettopp eit slikt prosjekt. Det er ikkje liknande i Nord-Europa!

Ein ny Hangursbane, med nedre stasjon på jernbanestasjonen og toppstasjon øvst på Hanguren, vil løfta heile fylket som reiselivsdestinasjon. Det er den unike koplinga mellom reiselivet, kollektivtilbod og stadutvikling som gjer at den nye Hangursbanen blir eit fyrtårn i regionen, eit fyrtårn som vil utmerka seg med sin grønne profil og gjennom saumlause overgangar for alle reisande.

Me veit kva slike tiltak har å seia. Den gamle Hangursbanen gjorde i si tid Voss til ein av dei største vintersportsdestinasjonane i landet. Tida er inne for eit nytt løft, eit løft som gjer oss konkurransedyktige ved at me kan presentera eit unikt reiselivsprodukt midt i løypa for dei reisande, og eit løft som vil gleda oss i mange tiår framover.

I denne samanhengen er det viktig å framheva at det er to næringar, fisk og reiseliv, som er peikt på som framtidens olje. Med Hordaland si plassering midt i fjord-Noreg, ikonet i norsk reiseliv, må me foreidla reisemålet og gjera det meir attraktiv. Den nye Hangursbanen vil representera det spektakulære og unike på same tid som det er enkelt og lett tilgjengeleg. Ein ny gondol vil garantert bygga oppunder Voss som vinterdestinasjon og som Ekstremisportbygd.

Hordaland fylkeskommune har på si side vore tydeleg på ubalansen det er og har vore i fylket dei siste tiåra. Veksten har kome langs kysten medan indre delar har opplevd stagnasjon og tilbakegang. Ei satsing på den nye Hangursbanen vil vera ei satsing på regionsenteret Voss og på indre Hordaland. Det vil vera eit solid bidrag til indre strøk og eit viktig tiltak for å få ei meir balansert utvikling i heile fylke vårt. Me snakkar her om eit unikt prosjekt som vil gje direkte effekt for den regionale utviklinga. Det er viktig å understreka at prosjektet vil koma heile vår region til gode, og at prosessen med ny E16 og ny Vossebane vil redusera avstanden til prosjektet for svært mange. Resultatet vil bli vekst i heile fylke.

Voss kommune har formelt handsama den nye Hangursbanen gjennom områdeplanen for Voss knutepunkt, som vart samrøystes vedteken av kommunestyret og seinare gjennom eigen reguleringsplan for den nye Hangursbanen. Arbeidet med utviklinga av knutepunktet har vore eit samarbeid mellom Voss kommune, Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Jernbaneverket, NSB og Rom Eigedom. Voss kommune ønskjer å understreka det gode samarbeidet som har vore mellom dei ulike aktørane i prosjektet og alle sitt ønskje om å inkludera ein ny gondol i knutepunktet. Saman har me lagt til rette for dette prosjektet, og saman kan me vera med å realisera det.

Voss kommune viser vidare til søknaden frå Voss Resort og vil med dette brevet uttrykka vår støtte til prosjektet og søknaden.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Foretaksregisteret	Side
Voss kommune	Uttrågata 9, Voss	56 51 94 00	960510542	1 av 2
Postboks 145	E-post		Bankkonto	
5701 VOSS	postmottak@voss.kommune.no		3201 46 70954	

Beste helsing

Hans-Erik Ringkjøb

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:

Namn	Adresse	Postnr/ Stad
Voss Resort AS		
Voss Resort AS		